

Ordliste

FN og politikk

Menneskerettar

Rettar alle menneske har, uansett kjønn, religion, alder eller nasjonalitet.

Sikkerheitsrådet i FN

Det mektigaste organet i FN, med hovudansvar for å ta vare på internasjonal fred og sikkerheit.

Flyktningkonvensjonen i FN

Ein internasjonal avtale som skal sikre at alle som flyktar frå uhaldbare forhold, får opphald i eit anna land til det er trygt å reise heim att.

Klimapanelet i FN

FN sitt ekspertpanel for klimaforskning.

Berekraftmåla i FN

17 mål for berekraftig utvikling i verda innan 2030.

FN

Internasjonal organisasjon som arbeider for fred og samarbeid, med 193 medlemsland.

Konvensjon

Anna ord for ein internasjonal avtale.

Utanrikspolitikk

Politikk som handlar om forholdet eit land har til andre land.

Demokrati

Folkestyre, der folk deltek i viktige avgjerder i samfunnet, blant anna gjennom val.

Bistand

Fellesord for pengar, mat, utstyr og hjelp som eit land gjev til eit anna land.

Ytringsfridom

Å ha fridom til å seie det ein meiner utan å bli straffa for det.

Internasjonal

Tyder at noko gjeld mange land eller alle land i verda.

Styresett

Måten eit land blir styrt på, og forholdet mellom dei som har makta og befolkninga i landet. Demokrati er eit døme på dette.

Fattigdom, bistand og svolt

Fattigdom

Ei nemning for ein uakseptabelt låg levestandard med for lite pengar, mat, klede, tryggleik og valalternativ.

Ekstrem fattigdom

Å leve for under 1,25 dollar (7–8 kr) om dagen.

Naudhjelp

Kortsiktig hjelp til menneske i ein akutt situasjon skapt av krig, naturkatastrofar eller epidemiar.

Humanitær katastrofe

Ein katastrofe som rammar mange menneske og som gjer at dei treng hjelp.

Slum

Eit område i eller ved ein storby der det bur mange fattige menneske.

Svolt

At kroppen ikkje får nok mat og dermed ikkje får energi.

Innvandring, flyktningar og rasisme

Asylsøklar

Nemning på ein person som søker vern i eit anna land.

Innvandrar

Ein person som er fødd i utlandet og busett i Noreg.

Migrasjon

Eit omgrep for at enkeltpersonar eller grupper flytter på seg.

Internt fordrivne personar

Personar eller grupper som er tvinga til å forlate heimstaden på grunn av væpna konflikt, vald, brot på menneskerettane eller naturkatastrofar.

Radikalisering

Radikalisering er ein prosess der haldningane til ein person endrar seg, og flytter seg lenger og lenger vekk frå det ein ser på som vanlege haldningar i eit samfunn.

Ideologi

Bestemte idear om korleis eit samfunn bør vere, ofte knytt til ein religion eller eit land.

Rasisme

Haldningar om at menneske kan rangerast i verdi ut frå biologiske eller visuelle kjenneteikn, religion eller nasjonalt opphav.

Terrorisme

Bruk av vald mot vanlege folk for å spreie frykt.

Likestilling

Like rettar og sjansar for kvinner og menn.

Diskriminering

Å forskjellsbehandle menneske på grunn av kjønn, religion, språk, hudfarge eller anna.

Minoritet

Ei gruppe som er i mindretal.

Klima og miljø

Atmosfære

Eit lag som ligg rundt jorda og sørgjer for jamn temperatur.

Klimagassar

Gassar som slepper inn solstrålar på veg inn til jorda, men som ikkje slepper dei ut att.

Togradarsmålet

Eit mål om å halde den globale temperaturstigninga under 2 gradar i år 2100, sett i forhold til 1850.

Økologisk fotavtrykk

Blir brukt for å måle forbruket menneska har av naturressursar.

Avskoging

Når alle tre i eit område blir hogde ned.

Naturressurs

Råstoff frå naturen som kan brukast til noko nyttig, t.d. tre, vatn, gull og olje.

Ekstremvêr

Uvêr som er farleg for menneske og verdiar.

Økosystem

Eit system i naturen der alle artane som lever der, er avhengige av kvarandre for å overleve.

Fornybare ressursar

Kan brukast utan å bli brukt opp, så lenge ein ikkje bruker for mykje på ein gong (vatn/tre/vind t.d.).

Klima

Gjennomsnittsvêret på ein stad, målt over tid, vanlegvis 30 år.

Global oppvarming

Stigning i gjennomsnittstemperaturen på jorda.

Sola

Jorda si hovudkjelde til energi.

Erosjon

Skadeleg slitasje på jordoverflata skapt av blant anna vatn og vind.

Fornybar energi

Fellesord for energi som kan brukast om og om att utan å bli brukt opp.

Klimaendringar

Store forandringar i vêret over tid.

Økonomi og handel

Økonomi

Produksjon og fordeling av pengar og andre ressursar.

Grøn økonomi

Eit økonomisk system som bidreg til høg utvikling og låge økologiske fotavtrykk på ein gong..

Rettferdig handel eller fair trade

Handel som tilbyr anstendige prisar og sikrar gode arbeidsforhold til dei som produserer varene.

Gjeld

Pengar som er lånte, som må betalast tilbake. Både personar og land kan ha gjeld.

Økonomisk utvikling

Ein type utvikling som handlar om fordeling av pengar, forbruk og handel.

Eksportere

Å selje varer og produkt frå eitt land til eit anna land.

Importere

Å kjøpe varer og tenester frå eit anna land til sitt eige land. Det motsette av å eksportere.

Produksjonskjede

Utviklinga av ei vare frå råstoff til produksjon, sal og levering til kunden.

Industri

Produksjon som gjer råvarer om til produkt eller varer, ofte i ein fabrikk.

Samfunnsutvikling

Befolkningsvekst

Når det blir fødd fleire menneske enn det dør i ei befolkning.

Helsetenester

Fellesord for hjelp frå lege, sjukepleiarar, sjukehus, helsesøster, vaksine, medisin, operasjon og behandling.

Infrastruktur

Fellesord for alt som får eit samfunn til å fungere godt, som vegar, flyplassar, straum, internett, vatn og søppelanlegg.

Berekraftig utvikling

Ei utvikling som dekkjer behova til dei menneska som lever no, utan å øydeleggje utsiktene for menneska i framtida.

Urbanisering

At fleire og fleire menneske flytter frå landsbygda til byane.

Generasjon

Eit slektsledd. Besteforeldre, foreldre og born er døme på dette.

Matsikkerheit

Tilgang til nok, trygg og sunn mat til alle.

Innovasjon

Å skape noko nytt og tenkje på nye måtar.

Sosiale forhold

Seier noko om korleis folk lever i eit samfunn, t.d. når det gjeld helse, utdanning, likestilling og demokrati.